



Henrik og Stian Sebastian ser fram til treningsleiren i Danmark. (Foto: Anita Enæs)

Henrik Dahle (12) og Stian Sebastian Enæs Fjeldsbø (11) opnar kafe i fire timar på laurdag!

Det skjer i Gamleskulen frå klokka 11 til 15 og dei fristar med lappar, kaffe og saft. Inntekta går til Trio Svømmeklubb - til finansiering av opphaldet på svømmeleir i Hobro i Danmark frå 3. til 8. august.

Gutane starta med svømmetrening på Husnes i fjor haust og sidan har dei hatt stor framgang. Dei er to av ni som drar til leiren i Danmark. På Husnes gjer dei og ein god jobb med loddsal og vaffelsal.. All inntekta både på Husnes og i Uskedalen blir slått sammen og kjem alle dei ni til gode.

Henrik og Stian Sebastian har så langt berre selt lodd. Svømmestemne og Aktivitetsdagen har gjort at dei ikkje har hatt tid til vaffelsal tidlegare - derfor slår dei til med kafeen på laurdag.

Der kan ein også kjøpa lodd. Dei to har skaffa mange fine gevinstar frå ulike firma og trekninga skjer i båthamna på Husnes 23. juni. Høgst på gevinstlista står eit reisegåvekort som er verd 2.000 kroner.

Av Ola Matti Mathisen